


2018- 2030

**Planprogram for
kommuneplanens
arealdel - Gol
kommune**





Forord/Innleiing

Planprogram for revisjon av arealdelen

Gol kommune har gjennom planstrategien vedteke at kommuneplanens arealdel skal reviderast. Revisjonen starter med planprogram. Planprogrammet skal sjåast saman med både planstrategien vedteke 13.12.2016, K sak 108/16 og sjølve samfunnsdelen vedteke 12.06.2018, K sak 24/18.

Gjennom samfunnsdelen har rådmannen saman med kommunalsjefane og sektor for samfunn og utvikling sett på utviklingstrekk og utfordringar innafor dei ulike sektorane og tenesteområda.

«Me sjåast på Gol» er visjonen eller slagordet på den nye samfunnsdelen. I sluttfasen vart visjonen supplert med tre ulike satsingsområder. Dei tre stavkyrkjennyklane i kommunevåpenet skal illudere dei tre satsingsområda. Det gode liv, møteplassen mellom aust og vest og utgangspunkt for næring og utvikling.

Samfunnsdelen skal saman med kommuneplanen og kommunedelplanen for Gol tettstad vera rettleiande for kva retning framtida til Gol skal ha. Kommuneplanen skal vera forankra i Plan- og bygningslova §§ 11-1 og 11-5. Kommuneplanens arealdel skal i hovudtrekk definere rammer for arealdisponeringa og føresetnader for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk samt kva omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala.

Plankartet skal så langt som rå syne hovudformål og omsynssoner for bruk av areala. Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister blir lagt til grunn for utforming av plankart og føresegner.

Kommuneplanen er kommunens overordna styringsverk. Arealdelen er difor viktig for framtidig utvikling for Gol kommune.


Gol 21.02.2019

Heidi Granli



Innhold


Forord/Innleiing	2
1. Områdeavgrensing	4
2. Hovudmål og visjon	5
3. Planprosess og organisering	5
3.1 Lovverk Pbl § 4-1	5
3.2 Gangen i planarbeidet	6
4. Sentrale tema og problemstillingar i kommuneplan	7
4.1 Næringsliv	7
4.2 Reiseliv	7
4.3 Landbruk	9
4.4 Fritidsbustader/hyttebygging	9
4.5 Bustadtilbod i grendane	9
4.6 Folkehelse	10
4.7 Barn og unge	10
4.8 Samferdsel og kommunikasjon	11
4.9 Risiko- og sårbarhet (ROS)	11
4.10 Miljø og klima	12
5. Utreiingsbehov	12
6. Medverknad og framdrift	13
6.1 Politisk organisering	13
6.2 Administrativ organisering	13
6.3 Medverknad	13
6.3.1 Informasjon:	13
6.3.2 Politiske prosessar:	13
6.3.3 Offentleg høyring:	14
6.3.4 Regionalt planforum:	14
6.3.5 Informasjonsmøter/dialogmøter	14
6.3.6 Innspel	14
6.4 Skjematisk framdrift	15
6.5 Framdriftsplan	16
7. Premisser for planarbeidet	17
7.1 Nasjonale føringar	17
7.2 Regionale føringar	18




7.3	Lokale føringar	18
8.	Forhold til eksisterande planer	18
8.1	Kommuneplanens arealdel (2011-2023)	19
8.2	Kommuneplanens samfunnsdel (2018-2030)	19
8.3	Andre overordna planer – kommunale temaplaner	20

1. Områdeavgrensing

Kommuneplanens arealdel for Gol omfattar heile Gol kommune utanom sentrum. Gol sentrum er omfatta av ein eigen plan, Kommunedelplan for Gol tettstad.






Figur 1: Figuren viser gjeldande Kommuneplanens arealdel for Gol. Gol sentrum, merka med kvit farge, gjeld ikkje for kommuneplanens arealdel fol Gol.



2. Hovudmål og visjon

«Me sjåast på Gol».

-  det gode liv
-  møteplassen aust-vest
-  utgangspunkt for næring- og utvikling

3. Planprosess og organisering

3.1 Lovverk Pbl § 4-1

For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.

Dersom planen kan få vesentlige miljøvirkninger i en annen stat, skal planmyndigheten sende forslag til program for planarbeidet til berørte myndigheter i denne staten til uttalelse.




For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjøres elektronisk tilgjengelig på nett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegerere myndigheten i samsvar med kommunelovens regler. Kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.

3.2 Gangen i planarbeidet

Planarbeidet er delt opp i 3 fasar:

1. Planoppstart og planprogram
2. Utgreiing og planløsingar
3. Planforslag og planbehandling



Figur 2: Oversikt over samla planprosess

I fase 1 skal det utarbeidast eit planprogram. Utkastet til planprogrammet blir behandla i kommuneplanutvalet. Når eventuelle endringar frå kommuneplanutvalet er utført blir det varsla om oppstart av planarbeid saman med planprogrammet. Berørte myndigheiter blir varsla med e-post,



medan resten av befolkninga blir varsla i Hallingdølen og på kommunen sine nettsider. Høyringsfristen er 6 veker. Når høyringsfristen er over blir innspel gjennomgått, og vurdert lagt inn i planprogrammet før det blir lagt fram for kommuneplanutvalet og kommunestyret for fastsetjing.

Når planprogrammet er fastsett byrjar arbeidet med innhenting av kunnskap og analyser/utgreiingar. Dette er fase 2. I denne fasen byrjar ein også å utarbeide utkast til ein ny plan.

I den tredje og siste fasen utarbeider ein eit planforslag med plankart og føresegnar, samt planomtale med konsekvensutgreiing/Risiko- og sårbarhetsanalyse. Planforslaget blir så lagt ut til høyring og offentleg ettersynt med 6 vekers frist. Etter høyringsfristen blir innspela gjennomgått og eventuelle motsegn behandla. Til slutt blir planen lagt fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.

4. Sentrale tema og problemstillingar i kommuneplan

Kapittel 4 tek for seg dei mest sentrale tema og problemstillingane i kommuneplanen for Gol. Under dei forskjellige punkta blir det lista opp hovudutfordringane for kvart tema til planarbeidet.

4.1 Næringsliv

Næringstomter er mest aktuelt for kommunedelplan, men det er stor etterspørsel etter små og mellomstore næringstomter i Gol. Ved omlegging av riksveg 7 sør for Hallingdalselva vil det vere aktuelt med næringstomter sør for Hallingdalselva ved Glitre. Dersom det blir omlegging av riksveg 52 aust for Hemsil vil det vere aktuelt med næringstomter aust for Hemsil, ved område I3 i eksisterande kommuneplan. Ved Vermefoss er det i eksisterande plan avsett eit mindre område for næringsverksemd.

4.2 Reiseliv

Talet på kommersielle gjestedøgn og varmesenger har gått tilbake dei seinare år. Næringa møter konkurranse særleg på kurs- og konferansefronten. Gol har i sidan tidleg 2000-talet hatt krav til næring og utleige i hytteområda. Kravet kom inn gjennom kommunedelplanen for Golsfjellet. Som kjent var masterplanen grunnlagsdokument for den juridiske arealplanen. Føremålet med masterplanen var å utarbeide ein heilskapleg og overordna strategi for utvikling av Golsfjellet som reiselivsområde, *Det familievennlege Golsfjellet*. Masterplanen handlar berre i ein viss grad om krav til utleige og forholdet mellom gult og blått. Virkemiddelet om rekkefølgeføresegnar for å stille krav til at ein ikkje kunne frådele eller bygge



ut eit visst tal tomter, kom først gjennom kommunedelplan for Golsfjellet. Ei mykje omstridt føresegn vart definert slik:

3.1 Særskilte bestemmelser for utviklingsområder for reiseliv og hytter

I områder avsatt til utviklingsområder for reiseliv og hytter kan det bygges turistanlegg i form av utleieenheter som frittstående bygg eller leilighetsbygg og frittliggende hytter.

Minimum 30% av nytt utbyggingsvolum innenfor de enkelte utbyggingsområdene skal avsettes til turistformål og utleie. Det skal i reguleringsplaner fastsettes rekkefølgebestemmelser som sikrer at områder til turistmål/utleie er bygd ut før det kan fradeles mer enn 50% av volumet for hyttetomter for salg som er avsatt til dette formålet i reguleringsplanen. I områder med "skli inn/skli ut" til alpinanlegg skal området til turistformål/utleie prioriteres.

Etter kvart har det vore eit visst press på å gi frislepp på utleigeplikta, først og fremst i hytteområda, men også mindre turistbedrifter har fått dispensasjon frå krav til næring og utleige.

Kommunestyret gjorde i K sak 1/17 slikt vedtak:

I reguleringsplanar i kombinert område kan gjennom reguleringsendring §§12-3 og 12-14 i plan- og bygningslova bli fritatt heilt eller delvis for krav til utleige, jf. kommuneplanens føresegn 2.3, bokstav b. Kommunen som reguleringsmyndighet skal fortsatt ha styringsrett og utøve sin mynde slik at det er mogleg å fortsatt kreve næring i kjerneområder for turistnæring.

II

«Varme senger» spørsmålet for turistbedrift/næringsområde/kjerneområder skal utgreiast vidare gjennom revisjon av kommuneplan.

Til saman har Gol 6 fungerande overnattingsbedrifter av ulik storleik, inkludert Vesle Skaugum. Ein del av desse har hytter og/eller leilegheiter både til fritt sal og utleige. Gjennom vedtak har kommunen dispensert frå rekkefølgekrav om krav til utleige. I tillegg har kommunen 3 etablerte campingbedrifter.



4.3 Landbruk

Gol kommune er den nest største jordbrukskommunen i Hallingdal. Som i resten av landet er utviklinga at talet på aktive jordbruksbedrifter går nedover medan produksjonen på dei resterande bruka går oppover. Blant dei aktive er det stor optimisme, og det har og vorte investert store summer i nye fjøs. Det har vorte nydyrka om lag 100 dekar årleg dei siste fire åra, samtidig som ein ser ein auke i talet på storfe og småfe, noko som gjenspeglar optimismen.

Sjølv om jordbruksbedriftene blir større, blir stølane med mjølkeproduksjon stadig færre. Attgroing av kulturlandskapet er ein utfordring, og det er viktig med dyr på utmarksbeite for å halde kulturlandskapet i hevd. I Gol ligg hytteområda nær jordbruksområde, og ved utviding av hytteområder er det viktig å unngå konflikt mellom utbyggjarar og bønder. Gol ønskjer at landbruk og turisme skal gå hand i hand. Det vart i 2017 omdisponert 2 dekar dyrka jord og 0 dekar dyrkbar jord til andre føremål enn landbruk. Dette er tal som er viktig å oppretthalde.

4.4 Fritidsbustader/hyttebygging

Det er i dag om lag 2 800 hytter i Gol, og det kjem 60 – 70 nye hytter kvart år. Med tanke på den store hytteutbygginga i Gol er det viktig med ein berekraftig hytteutbygging, og finne ein balanse mellom bevaring og utvikling. Det er og viktig med samarbeid mellom hytteeigarar og bønder, sjå punkt 3.3 Landbruk. Hytteeigarane er med på å skape nye næringsgrunnlag medan bøndene med beitedyr held kulturlandskapet i hevd. I utgangspunktet vil kommunen satse på fortetting av eksisterande hytteområde, men det vil og vere mogleg å opne opp for nye område i tråd med nasjonale føringar. Nye byggeområde skal sjølvstøtt konsekvensutgreiast. Jf. pkt. 4.

I kommuneplanens samfunnsdel heiter det at Golsfjellet og Skagahøgdi skal vera satsingsområde for reiseliv med tett hyttebygging og tilrettelegging av fellesgoder, løypenett og andre goder.

I dagens kommuneplan er det krav til høg standard på nye hytter (innlagt straum, vatn, veg til hyttedøra, renovasjon og avløp). I ny kommuneplan vil det vere naturleg å kunne legge til rette for miljøvennlege hytter som krev mindre energi og miljøbaserte avløpsløyser.

4.5 Bustadtilbod i grendane

Samfunnsdelen av kommuneplanen seier at bustadbygging der det er krav om reguleringsplan fortrinnsvis skal skje i Gol tettstad.



I eksisterande kommuneplan er det avsett 2 områder til spreidd bustadbygging. Eit område på Tuppeskogen og eit område i Åsgardane. Det er plankrav utover 3 einingar. På Robru er det nyleg oppdatert reguleringsplan for 13 nye einingar med vekt på generasjonsbustader.

4.6 Folkehelse

Det skal takast omsyn til folkehelse i all planlegging. Dette vert understreka i føremålsparagrafen i plan- og bygningslova og folkehelselova. Folkehelse handlar om fysisk helse, psykisk helse og utjamning av sosiale skilnadar. Det er eit viktig mål at kommunane gjennom si planlegging styrkar folkehelsa og reduserer dei sosiale skilnadane. Ei trend i hytteutbygging er regulering av mindre og billigare einingar som igjen bidreg til at fleire kan ha økonomi til å kjøpe seg fritidsbustad.

Kommuneplan for Gol vil kunne legge ei rekke føringar for folkehelsa i Gol, gjennom for eksempel regulering og tilrettelegging av turstiger, løypenett, friluftsliv generelt, forureining og støy.

4.7 Barn og unge

Gjennom plan- og bygningslova § 1-1 Formålsparagraf heiter det at


«Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.»

Omsyn til barn og unges interesser vil naturleg vera mest aktuelt for kommunedelplan der vi i dag har ny 1-10 skule og barnehagar med tilhøyrande anlegg. Barnehagane i Åsgardane, Rotneim og på Robru vart avløyst av Herad barnehage den 6. august 2018.

Ei utfordring med tanke på barn og unge er å legge til rette for fritidsaktivitetar for dei som bur utanfor sentrum. Med lange avstandar er det fort at ein må køyrast. Utanfor sentrum finst det store natur- og friluftsområde med store potensiale for turstiar, skiløyper og andre fritidsaktiviteter.

I hytteområda er det basert på at store omkringliggjande og uberørde naturområder med rikt sti- og løypenett langt på veg tilfredsstillar både friluftsliv generelt og barn og unges interesser. Golsfjellet er profilert som det familievennlege fjellet med eit rikt aktivitetstilbod. I kjølevatnet av tidlegare kommunedelplan for Golsfjellet er det etablert nytt alpinanlegg i Bjødnaie – Ørterstølen med eige barneskitrekk.

Jf. plan- og bygningslova § 5-1 har kommunen plikt til å sikre medverknad frå barn og unge. Barn og unge skal bli involvert i planprosessen gjennom



møter og varsling ved høyringar. Gol ungdomsråd er ein naturleg representant for dei unge.

4.8 Samferdsel og kommunikasjon

Rv7 og Rv 52 er peikt ut som prioriterte hovudferdselsårer aust-vest. Rv 7 med prioritet på persontrafikk og Rv52 for tungtransport/næring. I gjeldande nasjonal transportplan (NTP) er ny trase' på strekninga Svenkerud-Gol omtalt. Ny veg Gol-Robru ein at dei mest prioriterte strekningane på Rv52. Det er forventa at desse strekningane blir omtalt og lagt føringar for i neste rullering av NTP. Det vil vera ein fordel at det blir teke standpunkt til trasévala innafør tidsramma av revisjon av kommuneplanens arealdel. I tillegg blir det arbeida med ei «vegpakke Hallingdal» på Rv7 med formål å få betre vegstandard på strekninga Ørgenvika-Gol. Stortinget har bestemt at Ringeriksbanen skal starte bygging i 2022. Det vil gi Gol og Hallingdal eit samferdselsløft.

4.9 Risiko- og sårbarhet (ROS)

Kommunen har nyleg utarbeidd og oppdatert risiko og sårbarhetsanalyse.

Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Denne rolla er tydeleggjort gjennom kommunal beredskapsplikt som pålegg kommunane å arbeide heilskapleg og systematisk analyse for samfunnstryggleik og beredskap. ROS-analysen skal gi kunnskap om risiko og sårbarhet for å redusere sannsyn for at ei uønskt hending inntreffer, og for å redusere konsekvensar dersom ei uønskt hending trer inn. ROS-analysen er basert på metodeskildringa i «Veileder til helhetlig ROS i kommunen», utgjeve av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, oktober 2014. I tiltakslista er det kome fram at eit prioritert tiltak skal vera trygg arealplanlegging i kommuneplanar, reguleringsplanar og temaplanar inklusiv hovudplan vatn og avløp. I tillegg har ROS-analysen slike prioriterte tiltak:

- *Oppdaterte fagplanar for krise og beredskap.*
- *Tiltakskart for ulike hendingar.*
- *Øvingar i krisehandtering for ulike hendingar.*
- *Utarbeide plan for krisekommunikasjon som del av kommunens beredskapsplan.*
- *Invitere kommunane i Hallingdal til å samarbeid om felles malar for ROS- og beredskapsplanar i regionen.*
- *Gjennomgang av sikkerheitsrutinar ved kommunale føremålsbygg.*



4.10 Miljø og klima

I kommunens energi- og klimaplan har kommunen som målsetting å vera ein del av lågutsleppssamfunnet. Det inneberer maksimalt 2 CO₂-ekvivalentar per innbyggjar.

Reduksjon i samla klimagassutslepp skal vera 40 prosent i høve 2009-tal i 2030.

Gol som regionalt knutepunkt, både for hallingar og for tilreisande leier til store klimagassutslepp frå transportsektoren. Det må søkjast løysingar for å redusere dette. Frå landbruket er det også ei stadig aukande mengde klimagassutslepp og næringa må søkje løysingar for å snu trenden utan at det går utover matproduksjon og dyrehald.


Gol kommune har store friluftsområde som må takast vare på. I eksisterande kommuneplan er det på Golsfjellet og på Skaraåsen ein sone, «H500 Markagrense», der ein skal take særleg omsyn til landskap, friluftsliv og bevaring av naturmiljø. Innanfor «Markagrensa» er det ikkje tillate med ny utbygging utanfor dei områda som allereie er regulert. Denne sona vil vere naturleg å vidareføre. Det same gjeld for omsynsone for friluftsliv/bevaring naturmiljø. Inngrepsfrie naturområde skal ikkje bli påverka av utbygging. Den store hytteutbygginga som føregår i Gol gjer det viktig med gode løysingar for å forhindre forureining frå avløp og avfall. Det er nyleg sett i gang planarbeid for å betre avfallssituasjonen på Golsfjellet.

Nye bustader utanfor sentrumsområdet kan vere i konflikt med målet om minst mogleg klimautslepp ved mykje bilkøyring. Det er difor viktig å ha fokus på fortetting og funksjonsblanding og legge til rette for framtidig kollektivtransport, sykkel og gange. Bygging av sentrumsnære bustader er viktig for å avgrense transportbruken og i nye byggeområde bør det vere fokus på fornybar energi som solcelle, bioenergi eller jordvarme.

5. Utgreiingsbehov

Det er krav om utarbeiding av Konsekvensutgreiing for nye byggeområder i samsvar med plan- og bygningslova § 4.2. Ein del av konsekvensutgreiinga vil vere å sile innspel. Det vil vere to silingsprosessar: ein grovsiling og ein finsiling. I grovsilinga forkastar ein dei innspela ein ser med ein gong ikkje er aktuelle. Dei innspela som er aktuelle vil gå gjennom ein finsilingsprosess, som er ein konsekvensutgreiing. Dei innspela som er aktuelle etter konsekvensutgreiinga vil kunne bli ein del av planforslaget.

Silingsprosessen og konsekvensutgreiinga vil bli utført av administrasjonen og/eller konsulent med bakgrunn i fagleg argumentasjon, men skal behandlast politisk.



6. Medverknad og framdrift

6.1 Politisk organisering

Formannskapet er kommuneplanutval, og vil behandle planprogrammet, medan kommunestyret vedtek planprogrammet. Kommunestyret vedtek òg kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.

6.2 Administrativ organisering

Planprosessen med kommuneplanen vil bli styrt av eit administrativt planforum beståande av:

- Kommunalsjef samfunn og utvikling (leiar av planprosessen)
- Kommunalsjef oppvekst og kultur
- Kommunalsjef helse og omsorg
- Avdelingsleiar for utbyggingsavdelinga
- Arealplanleggar
- Miljøvernrådgjever
- Representant for barn og unge
- Rådmann

Planprosessen med kommuneplanen vil bli leia av kommunalsjef for samfunn og utvikling. Avdelingsleiar for utbyggingsavdelinga og arealplanleggar vil bistå i prosessen. Det administrative planforumet rapporterer fortløpande til kommuneplanutvalet.

Administrasjonen har allereie vore i eitt møte med Gol Ungdomsråd.

6.3 Medverknad


Kommunen skal legge til rette for medverknad i planprosessar etter plan- og bygningslova. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre medverknad frå grupper som krevjar spesiell tilrettelegging, herunder born og unge, og skal elles sikre brei medverknad. Medverknaden skjer på følgjande måte:

6.3.1 Informasjon:

Informasjonskanal i planarbeidet vil vere kommunen sine heimesider Hallingdølen og sosiale medier. Her vil det bli posta informasjon om planarbeidet, høyringar og kunngjeringar vil bli lagt ut her. Dette er viktige informasjonskanalar for dei som ønskjer å kome med innspel til kommuneplan.

6.3.2 Politiske prosessar:

Planforslaget vil bli 1.gangs behandla før det vert lagt ut offentleg ettersyn.



6.3.3 Offentleg høyring:

Planprogram og forslag til kommuneplan vil bli lagt ut til høyring og offentlig ettersyn. Det vil samstundes bli sendt til regionale og statlege myndigheiter, samt nabokommunar.

6.3.4 Regionalt planforum:

Regionalt planforum blir styrt av Fylkeskommunen. Alle statlege instansar med motsegnrett blir invitert til møte. Det vil bli halde to møter med regionalt planforum. Det fyrste møtet vil bli halde under høyring av planprogrammet. Det andre møtet vil bli halde når utkast til planen er klar, men før 1. gongs behandling. Dette møtet kan vere med på å minske risikoen for motsegn.

6.3.5 Informasjonsmøter/dialogmøter

Undervegs i planprosessen vil det bli halde to informasjonsmøter/folkemøter. Det fyrste møtet vil bli halde når planprogrammet er behandla og lagt ut til offentlig ettersyn. I dette møtet vil fokuset vere på å forklare innbyggjarane om prosessen og invitere dei til å kome med innspel til både planprogrammet, men og til konkret arealbruk.

Det andre informasjonsmøtet vil bli halde når planen er 1. gongs behandla. På dette møtet vil analysane som er gjennomført bli presentert saman med utkastet som er lagt på høyring. Møtet blir arrangert tidleg i høyringsperioden slik at det er god tid til å behandle innspel og merknader. Høyringsperioden er 6 veker.

6.3.6 Innspel

Dersom ein har innspel eller merknader til planprosessen eller planforslag er det ein fordel å gå fleire saman om innspelet. Alle innspel vil bli vurdert, men Gol kommune kan ikkje ta omsyn til alle innspel som kjem inn, og det er lettare å bli høyrte dersom ein er fleire, t.d frå eit stølslag som står bak innspelet.

Alle innspel til ny arealbruk må gjennom ein sliingsprosess, jf. punkt. 4. om utgreiingsbehov.

Viktige kriterium i sliingsprosessen er å ta stilling til er:

Målgruppe/marknad:

Kven ynskjer kommunen å ha som deltidsinnbyggjarar. Det er viktig å vera bevisst på kva marknad og målgrupper området har behov for i ulike sesongar for å tilretteleggje for eit best mogleg jamt belegg på hyttene og bruk av oppleving og aktivitetsanlegg



Lokal verdiskaping:

Det vil vere positivt om eit tiltak er med på å styrke lokale verdiar. Både byggeaktivitet og bruk av hytter kan gi auka verdiskaping til lokalt næringsliv. Stor oppdragsmengde og auka omsetning kan gi positive ringverknader i form av sysselsetting og skatteinntekter.

Områder som eignar seg for utbygging:

Innspelet til kommuneplanen må ikkje koma i konflikt med naturmangfald, vilt og trekkruiter eller andre landskapsmessige viktige kvalitetar. Fortetting og/eller utviding av eksisterande hytteområder er viktig prinsipp framfor å ta nye jomfruelege areal i bruk.

Bærekraft:

Har tre viktige dimensjonar som skal vektleggjast. Bevare miljø, natur og kultur. Styrke sosiale verdiar og vera økonomisk levedyktig.

Jordvern:

Dyrka eller dyrkbar mark skal ikkje tas i bruk som byggeområde. Det er heller ikkje ønske om å ta innmarksbeite i bruk som byggeområde. Gol kommune støttar opp under nasjonal målsetting om at omdisponeringstakten skal halverast. I Gol har ein tradisjon for ikkje å bygge ned stølsvollar og viktige kulturlandskap.

Samfunnstryggleik:


Område for innspel må vere trygge å opphalde seg i. Det må difor greiast ut om potensielle farar i området, deriblant ras, flaum og erosjon.

Teknisk infrastruktur:

Innspelet må vise til ein plan for tilkomst, straum, vatn, avløp og renovasjon. Kan ein bruke den eksisterande infrastrukturen, eller må det opparbeidast ny infrastruktur?

6.4 Skjematiske framdrift

Fasar i planarbeidet Aktivitet		2018		2019				2020	
		3. kv.	4. kv.	1. kv.	2. kv.	3. kv.	4. kv.	1. kv.	2. kv.
Fase 1 Planstrategi og planprogram	Ferdigstille utkast til planprogram								
	Behandle planprogram i kp-utval								
	Varsel om oppstart, høyring/offentleg ettersyn av planprogram 6 veker								
	Informasjonsmøte								
	Frist for innspel til planprogram								
	Regionalt planforum								



Planprogram kommuneplan for Gol

	Fastsetje planprogram – k.planutvalet								
	Fastsetje planprogram i k-styre								
Fase 2 Utarbeide planframlegg	Igangsetting av eksterne analyser								
	Frist for innspel til sjølve kommuneplanens arealdel								
	Utarbeide planleveranse								
	Behandling av eksterne analyser, vurdering av innspel								
	Regionalt planforum								
	1. gongs behandling								
	Informasjonsmøte om planforslaget								
	Offentleg ettersyn								
	Behandle innspel/avklåre motsegn								
Fase 3 Vedtak av plan	2. gongs behandling								
	Vedtak av kommuneplan – kommuneplanutvalet og kommunestyret								

6.5 Framdriftsplan

Fase 1		
23.10.2018		Ferdigstilling av utkast til planprogram
08.11.2018		Behandling av planprogram i kommuneplanutval
10.11.2018		Varsling om oppstart av planarbeid og utsending av planprogram på høyring i 6 veker
27.11.2018		Informasjonsmøte lokalt med invitasjon til innspel
29.12.2018		Frist for innspel til planprogram
17.01.2019		Behandling av overordna føringar i kommuneplanutvalet
23.01. 2019		Planforum
07.02.2019		Behandling av planprogram i kommuneplanutvalet
19.02.2019		Fastsetjing av planprogram i kommunestyret
Fase 2		
04.03.2019		Igangsetting av eksterne analyser/utgreiingar
23.04.2019		Frist for innspel til sjølve planen



22.08.2019	Behandling av eksterne analyser, vurdering av innspel og strategiske val i kommuneplanutvalet
Mars-aug. 2019	Utarbeiding av planleveranse
Aug-sep. 2019	Møte med regionalt planforum for vurdering av utkast og avklåringar før kommunal 1. gongs behandling
Nov 2019	1. gongs behandling
Des 2019	Informasjonsmøte lokalt om planforslaget
Des-feb 2020	Offentleg ettersyn
Mars 2020	Behandling innspel/avklåring evt. motsegn
Fase 3	
April 2020	2. gongs behandling
Mai 2020	Sluttbehandling i kommunestyret

7. Premisser for planarbeidet

Premiss for planarbeidet er dei lovar, planar og rettleiarar som er juridisk bindande. Dei legg dermed føringar for korleis kommuneplanen kan utarbeidast.

7.1 Nasjonale føringar

- Veglova, tredd i kraft 01.01.1964, sist endra 20.07.2018
- Kulturminnelova, datert 09.06.1978
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, datert 20.09.1995, retta 29.06.2016
- Den europeiske landskapskonvensjonen, trådd i kraft 01.03.2004
- T-1450 – Planlegging av fritidsbebyggelse, datert 12.12.2005
- Forskrift om rammer for vannforvaltningen, kunngjort 19.12.2006, retta 14.01.2019
- Plan- og bygningslova, kunngjort 27.06.2008
- Naturmangfaldlova, kunngjort 19.06.2009
- Retningsline 2-2011 frå NVE – Flaum- og skredfare i arealplanar, revidert 22.05.2014 inkludert vedlegg 2: Veileder: Kartlegging og vurdering av skredfare i arealplaner, datert april 2011.
- Nasjonale mål for vann og helse, vedteke 22.05.2014
- Statlig planretningslinje for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, fastsett 26.09.2014



- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedteke 12.06.2015
- Forskrift om vannforsyning og drikkevann, kunngjort 30.12.2016
- Rundskriv T-2/16 – Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis, datert 09.01.2017
- Nasjonal transportplan 2018-2029, godkjent 05.04.2017
- Forskrift om konsekvensutgreiingar, kunngjort 22.06.2017
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442, revidert 2016
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning, kunngjort 28.09.2018

7.2 Regionale føringar

- Strategi for folkehelse i Buskerud 2010-2014
- Fylkesvegstrategi 2014-2023, datert november 2012
- Strategi for trafikksikkerhet i Buskerud 2014-2023, vedteke 05.12.2013
- Handlingsprogram for fylkesvegar 2014-2017, datert 13.01.2014
- Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling 2015-2020, vedteke 10.12.2014
- Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021, datert 02.11.2015
- Regional planstrategi for Buskerud 2017-2020, vedteke 14-15.12.2016
- Regional plan for kulturminnevern i Buskerud 2017-2027, vedteke 27.04.2017
- Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035, vedteke 14.-15. februar 2018

7.3 Lokale føringar

- Hovudplan for avløp og vassmiljø 2014-2023, vedteke 16.12.2014
- Kommunal planstrategi 2016-2019, vedteke 11.08.2016
- Forskrift for avfallsbehandling i Gol kommune, vedteke 13.06.2017
- Heilskapleg ROS-analyse, datert 30.08.2017
- Skredfarekartlegging i Gol og Hemsedal kommuner, datert februar 2018

8. Forhold til eksisterande planer

Planane i kapittel 7 er rettleiande for kommuneplanarbeidet. Gjeldande kommuneplanens arealdel er i dag juridisk bindande, men den vil bli erstatta av ny kommuneplan, og vil difor berre vere rettleiande for den nye planen.



Samfunnsdelen og kommunale temaplanar er også rettleiande, men skal takast omsyn til i planarbeidet.

8.1 Kommuneplanens arealdel (2011-2023)

- Eksisterande kommuneplan fungerer godt. Det vil difor vere naturleg å vidareføre hovudtrekka i dagens plan.

8.2 Kommuneplanens samfunnsdel (2018-2030)

Kommuneplanens samfunnsdel vart vedteke av Gol kommunestyre i sak K24/2018 den 12.06.2018. Samfunnsdelen skal danne grunnlaget for arealdelen. I samfunnsdelen er det lista opp tre satsingsområde mot 2030 som representerer dei tre nøklane i kommunevåpenet. Dei tre satsingsområda er:

- o Det gode liv
 - Gol skal ha eit variert kultur- og fritidstilbod
 - Barnehage og grunnskule skal gje kunnskap og ferdigheiter slik at unge kan fullføre vidaregåande opplæring
 - Snitt grunnskulepoeng skal ligge over 40 poeng og ikkje under landsgjennomsnittet. Del av elevar med mindre enn 30 poeng skal vere under 10 %
 - Etablere 4 nye utdanningstilbod
 - Gol skal legge til rette for deltaking og mestring i ulike livsfasar
- o Møteplassen aust-vest
 - Gol skal vere regionens vekstsenter med 5000 innbyggjarar i 2030
 - Gol skal vere det viktigaste knutepunktet mellom aust- og vestlandet
 - Gol skal reduserer klimagassutsleppa med 40 % innan 2030 i høve 2009
- o Utgangspunkt for næring/utvikling
 - Det skal skapast 250 nye arbeidsplassar innan 2030
 - Det skal utviklast minst ein større attraksjon/fyrtårn i planperioden
 - Gol skal vere ein av dei største turistdestinasjonane i landet
 - Gol skal vere ein leiande arrangementsstad som skapar verdier for lokalsamfunnet
 - Gol skal vere ein av landets 3 største i detaljhandel i omsetnad per innbyggjar



8.3 Andre overordna planer – kommunale temaplaner

- Viltkartlegging i Gol, datert 2003
- Bustadsosial handlingsplan for Hallingdal, datert januar 2006
- Kulturplan 2010 – 2013, vedteke 15.12.2009
- Handlingsplan for landbruket i Gol, vedteke 07.09.2010
- Supplerende viltkartlegging av våtmarksområder på Golsfjellet og storfugleiker i Gol kommune i 2011 – 2013
- Naturtyperkartlegging i Gol i 2010 – 2012, datert 10.01.2014
- Beitebruksplan, vedteke 27.05.2014
- Næringsplan for Gol kommune 2014-2018, vedteke 11.11.2014
- Hovudplan Vassforsyning 2014-2023, vedteke 16.12.2014
- Trafikksikkerhetsplan 2015-2018, datert 17.02.2015
- Avfallsplan 2015 – 2019, vedteke 21.06.2016
- Kommunedelplan for helse og omsorg 2017 – 2026, vedteke 21.03.2017
- Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Gol kommune 2018-2021, vedteke 21.11.2017
- Energi- og klimaplan for Gol kommune 2018 – 2021 (2030), vedteke 06.09.2018